



Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutvalet

Møtedato: 21.03.2022
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Utvalseiar
Britt Inger Myhr		Nestleiar
Bjørn Egil Nordland		Hovudverneombod
Laila Herbst Totland		Arbeidstakar repr.
Svein Helge Hofslundsengen		Medlem
Svein Viktor Ellingbø		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
006/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/2022	Godkjenning av møtebok
008/2022	Årsmelding AMU 2021
009/2022	Årsplan for AMU - Framlegg til faste saker og arbeidsoppgåver
010/2022	Referatsak

006/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

21.03.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 006/2022 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

007/2022: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

21.03.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 007/2022 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

008/2022: Årsmelding AMU 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Årsmelding AMU vert teken til vitring. Tekst under uttale vert innarbeidd som del av kommunen si årsmelding for 2021

21.03.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET

Saka vart drøfta.

AMU ba om at ein bytta om på kven som var verneombod og kven som var vara på Matre skule før årsmeldinga gjekk i trykken.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 008/2022 VEDTAK:

Årsmelding AMU vert teken til vitring. Tekst under uttale vert innarbeidd som del av kommunen si årsmelding for 2021

009/2022: Årsplan for AMU - Framlegg til faste saker og arbeidsoppgåver

Rådmannen sitt framlegg:

AMU jobbar vidare med utarbeiding av årsplan basert på vedlagt dokument og diskusjon i møte.

Masfjorden kommune tar i bruk 10-faktor som verktøy for vernerunde haust.

21.03.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET

Saka vart drøfta.

AMU samla seg om at ein innførte årsplan og spesfiserte møte 1 - 4 , jf PP-vedlegget. Fast sak til møte 2 vert og årsrapport frå BHT.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 009/2022 VEDTAK:

AMU jobbar vidare med utarbeiding av årsplan basert på vedlagt dokument og diskusjon i møte.

Masfjorden kommune tar i bruk 10-faktor som verktøy for vernerunde haust.

010/2022: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

21.03.2022 ARBEIDSMILJØUTVALET

Referatsaker:

Skriv 1: Til AMU-møte

AMU drøfta innspela og samla seg om å restarte 10 faktor til hausten

AMU ba om at det snarleg vert invitert til møte for verneomboda. Hovudverneombodet tar initiativ til slik innkalling.

Britt Inger Myhr (fagforbundet) ba om at rådmannen såg på formaliteter og moglegheiter for ekstra kompensasjon for oppdrag med bil grunna høge bensin- og dieselpriisar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

AM - 010/2022 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå vert Arbeidsmiljøutvalet 23.03.22 vitna:

Karstein Totland
leiar

Anne Kristin Rafoss
skrivar